

Håkon den gode

Sigurd Ladejarl stod i skipet sitt og styrte. Tretti menn rodde av all kraft.

Ei ung kvinne låg framme i baugen. «Aaauuu, aaauuuu», jamra ho.

Sigurd angra på at han hadde teke henne med på båten.

Den unge kvinna heitte Tora. Ho var gravid og skulle føde barnet til kongen. Men båten ville ikkje rekke fram i tide. Ho måtte føde på vegen.

Dei rodde båten inn til land. Tora fekk hjelp av Alva, trælen sin.

«Aaauuu, aaaauuu», skreik ho då dei fekk henne i land.

Sigurd og mennene sette opp telt til Tora og Alva. Frå teltet høyrde dei Tora skrike. Så høyrde dei brått barneskrik. Alva kom ut av teltet med ein gut i armene. Tora hadde fødd ein kongeson. Sigurd døypte han Håkon.

baugen:
foran i
båten



Oppgaver:

Sjå Elevbok 4A side 129.

Gjer oppgåvene 3, 5, 6.